

## TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF FOR SEPTEMBER 2017 – DATO 6.10.2017

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTADA DATO
Helse Førde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels rapport av 01.07.16	2 systemavvik, gjeldande oppstart tid behandling og organisering i mottak.	10.10.2017	<p>Om avvika:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. Leiinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming.</li> </ul> <p>Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Tilbakemelding om forbetringstiltak sendt FM den 4.11. 2016. Brev frå FM 11.11 – gode tilbakemeldingar på tiltaka, ønsker ny status frå HFD innan 15.2.17</p> <p>Tilbakemelding til FM i brev av 10.02.2017 Skildring av iverksette tiltak.</p> <p><b>ePhorte sak 2016/1139. Ny tilbakemelding etter journalgjennomgang P2 etter sepsistilsynet</b></p> <p>Det vert synt til rapport frå FM etter sepsistilsynet, datert 08.09.2016 og tilbakemelding frå HFD med plan for retting av avvik, datert 10.02.2017.</p> <p>I videomøte 31.3.17 presenterte Helse Førde korleis de har arbeidd med å rette opp avvika etter tilsynet og kor langt dette arbeidet var komme.</p> <p>Vår gjennomgang viser at sjukehuset har jobba godt med oppfølging av avvika. Arbeidet har vore tydeleg leiarforankra og har ført til betring som også kan komme andre pasientgrupper til gode.</p> <p>Resultata viser at det er betring på fleire område, men at helseføretaket framleis må arbeide for å nå målet om at pasientar med alvorleg sepsis får oppstart av antibiotika innan ein time etter å ha komme til sjukehuset, slik nasjonale føringar tilseier.</p> <p>Ny tilbakemelding om vidare tiltak og status i arbeidet med å rette avvika innan <b>10.10.2017. Inga ny hending ePhorte sak 2016/1139</b></p>	

HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRA PPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUT TA DATO
					<p><b>Helse Førde sitt styre var i møte 30.06 orientert om dåværande status i saka - og vegen vidare;</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planlagt oppstart lokal faggruppe for sepsis. Denne skal koplast saman med arbeidet kring antibiotikabruk og arbeidet med tidleg oppdaging av forverra tilstand. Leiar for gruppa er oppnemd, med oppstart etter sommarferien.</li> <li>2. Bruk av Meona vil gje oss ei betre monitorering av pasientane.</li> <li>3. Etterbruk av lokala til SYS IKL vil gje oss betre triagemoglegheiter og observasjon av pasientar.</li> <li>4. I nytt utdanningsløp for LIS - Oppstart 01.09.17 - skal opplæring av sepsisbehandling vere del av kompetansemål og aktivitet.</li> </ol> <p><b>Del 2: Status pr. 05.10.17</b> Bruk av elektronisk kurve, MEONA, starta medio mars i AKM. Dette gjev nøyaktig sanntidsregistrering på vitale parameter og oppstart av medikamentbehandling. Det er lettare å ha oversikt over triagetidspunkt, samt hastegradsvurdering av pasienten. AKM har fått utvida areal, førebels berre på kveldstid, til mottak av pasientar etter at legevakta (SYS IKL) flytta i nye lokale i slutten av august.</p> <p>Prosjektarbeidet knytt til «Innføring av Rask Respons System – RRS, tidleg oppdaging av forverra tilstand og sepsis» starta planlegginga august 2017. Prosjektet gjeld innføring av nasjonal tiltakspakke for å betre pasienttryggleiken. Medisinsk avdeling er deltakar i prosjektet og skal følgje opp med tiltak etter at piloten i kirurgisk sengepost er gjennomført.</p> <p>Uavhengig av nemnde prosjektarbeid, har arbeidet med å handtere sepsisrutinane etter vedtekne kriteriar hatt høgt fokus både blant legar og sjukepleiarar i AKM og elles i dei medisinske sengepostane. Mellom anna vart det meldt eit avvik frå ein lege i august, der sepsis var erkjent, men der behandlinga med antibiotika ikkje kom i gang før etter 1,5 time pga samtidskonfliktar. Dette viser at ein er oppteken av å synleggjere svikt og å lære av desse.</p> <p>Nytt opplegg for LIS 1 (tidl. turnuslegar) er iverksett frå</p>	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					<p>september 2017 med systematisk 45 min. undervisning kvar tysdag. Dette gjeld alle LIS 1 frå somatikk og psykiatri. Sepsis er eitt av tema.</p> <p>For LIS 2/3 som har vakt, har ny telefonrutine verka svært positivt: færre unødige vakttelefonar og meir tid til pasientarbeid som hastar.</p> <p><b>Ny journalgjennomgang er planlagt til november 2017</b> – då vil ein få signal om forbedringstiltaka har hatt synleg effekt på pasientbehandlninga.</p>	

**ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:  
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids-Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansestasj.	<b>Ny frist for pålegget er 30.09.2018</b>	Helse Førde har hatt dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Oppsummering frå møte med tilsynet gjennomført 26.01.2017: Helse Førde sender Arbeidstilsynet ei oversikt over alle ambulansestasjonane der det blir gitt status OK eller Avvik på følgjande punkt: Garasje – utrykkingskøyretøy, Garderobe, Vaskerom, Toalett-dusj, Ventilasjon, Kvilerom/soverom Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Når det gjeld Sogndal ambulansestasjon opplyste Helse Førde at det står att nokre forhold som må avklarast med Sogndal kommune før ein kan setje i gang med nybygg. Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Helse Førde må dokumentere at dei tilsette har medvirka båd når det gjeld utforming av nye lokale og midlertidige tiltak der dette er aktuelt. Brev til Arbeidstilsynet 17.03. Dialog	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSR APPURT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>med Sogndal kommune syner semje mellom partane. Det vert elles synt til semje i brukargruppa på det teikningsframlegget som no ligg føre. Helse Førde har parallelt søkt tilsynet om samtykke, tiltak, sjekklister og uttale frå vernetenesta. Nytt brev til Arbeidstilsynet i brev av 6.04. Ephorte sak 2011/1349</p> <p><u>Tilbakemelding på status/oversikt øvrige ambulansestasjonar</u> - Oversikt på oppdatert status på øvrige stasjonar. Dette svarar ut punkta – sjå over - som Arbeidstilsynet har etterspurt. Helse Førde vonar desse tilbakemeldingane viser at føretaket har fokus og prioriterer betring av tilhøva for dei ambulansetilsette.</p> <p>Nytt brev frå Arbeidstilsynet av 3.05.2017. Vedtaket av 19.01.2012 vert gjort om når det gjeld fristen, jf. forvaltningslova § 33. <b>Ny frist for pålegget er 30.09.2018.</b> Verksemda skal sende skriftleg tilbakemelding til Arbeidstilsynet. Pålegg vert ikkje rekna for etterkome før Arbeidstilsynet har motteke tilbakemelding som syner at pålegg er utført, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjette ledd. Meldinga skal vere underteikna av arbeidsgjevar eller den som har fullmakt frå arbeidsgjevar. Meldinga kan også underteiknast av verneombod eller tilsette sin representant. <b>Inga ny hending i ephorte-sak 2011/1349</b></p>	
<b>Klageorgan</b>						<b>Inga ny hending</b>	

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert **totalt 8** tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 30.09.2017 – 4 av desse vidareført frå 2016.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.